



Notat

Til: Plan og analyse, Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning

Kopi til:

Saksbehandler: Plan og byggesak/Anne Lise Molvik

Vår referanse: 20/8216 - 6 / GBNR-188/385, GBNR-188/137, GBNR-188/283, GBNR-188/407,
FA-L42, HistSak-20/625

Dato: 19.05.2020

Emne: Oversender søknad om dispensasjon frå områdeplanen for Knarvik Sentrum til uttale -
gbnr 188/385 Gjervik ytre

Tiltak: Dispensasjon fra områdeplan

Byggjestad: Gbnr: 188/385

Tiltakshavar: Alverporten AS

Ansvarleg søkjar: Arc Arkitekter AS

Arc Arkitekter AS søker om dispensasjon frå områdeplanen for Knarvik Sentrum. Dispensasjonssøknaden er knytt til planlagt byggeprosjekt på eigedomane gbnr 188/385, 137, 187,283 og 407 som utgjer ein stor del av felt BS7, heile BS8 og del av tilgrensande samferdsleanlegg. Det vert søkt om dispensasjon frå § 2.1.1, som gjeld krav om deltaljregulering, og arealføremål då ein ønskjer å behalda Lyngvegen gjennom område BS7 slik den går i dag. Lyngvegen kryssar i dag over område BS7 parallelt med EV39, men skal stengast i følgje plankartet. I følgje planen skal tilkomst til områda BS7 og BS8 skje ved at Kvassnesvegen vert forlenga (o_SKV9).

Søknaden er ikkje nabovarsla og må supplerast med dette før behandling.

Planstatus

Eigedommane ligg i regulert område innanfor det som i områdeplan Knarvik sentrum med planid: 1263-201002 i hovudsak er avsett til sentrumsføremål BS7, BS8 og BS19 samt parkeringshus f_PHU14 og 15. i tillegg omfattar eigedomane delar av tilgrensande samferdsleanlegg.

Føresegnsområde #12 kan nyttast til anleggs- og riggområder så lenge det er anleggsarbeid knytt til endring av E39 med sideveggar. Når anleggsarbeidet er ferdig, kan arealet nyttast til sentrumsføremål.

Vi viser elles til vedlagte høyringskriv med vedlegg.